



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3073-

29.03.2016

Kunstgrasbane 29x49m - Nordre Holsnøy idrettslag - Meland kommune - idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Kulturdepartementet har motteke brev datert 10. mars 2016, med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for Nordre Holsnøy idrettslag sin kunstgressbane med reduserte speleflate (29x49m), Meland kommune.

Departementet har vurdert planane og godkjenner desse med merknader:

- Det blir føresett at sikringssonen rundt bana ikkje er smalere enn 3m.
- Det blir føresett at Norges Fotballforbund godkjenner kunstgrasbana for bruk i kampar.

Det kan søkjast om tilskot på 1/3 av kostnadene inntil:

- 0,66 mill. kroner til kunstgrasbane (29x49m)

Eit sett med planar følgjer i retur, påført departementet sitt elektroniske godkjenningsstempel.

Skulle planane for anlegget bli endra, må nye oppdaterte planar for anlegget sendast til departementet for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må liggje føre byggjearbeidet blir starta og gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Frode Langø
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga Postboks 7900 5020 BERGEN